

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Laila Bjørge	FA-V10, FE-223	23/129

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
010/2023	Næringsfondsstyret	PS	15.06.2023

## Søknad om tilskot frå næringsfondet til oppstart av husdyrdrift gbnr 78/1

### Forslag til vedtak:

Næringsfondstyret gjer Espen Helland, med foretaket 917868689, kr 150 000 i tilskot til generasjonsskifte/oppstart gardsdrift, jf kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen. Pkt 6. Generasjonsskifte / oppstart av gardsdrift. Søkjar oppfyller krava som gjeld for å få statleg produksjonstilskot.

### Vilkår for utbetaling:

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader og innsendt dokumentasjon på utlegg og arbeid.

Vert drifta lagt ned før det har gått 5 år, kan tilskotet krevjast attende, jf. pkt. 2.2.B i Retningsliner for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune.

### Saksopplysningar:

Espen Helland med foretaket 917868689 har søkt om tilskot frå næringsfondet på kr 150 000 til oppstart av gardsdrift på Nedre Helland. Dei leiger driftsbygning og areal, men har ynskje om å byggja opp ei større husdyrdrift med storfe.

Han grunngjev søknaden sin slik:

*Me starta opp hausten 2022 med storfehold, der me får nytta garden til Trond Helland. Me har pr dags dato 13 dyr der det er 5 oksekalvar, 6 kvigekalvar, 1 kvige og 1 kyr. Planen med tilskotet er å finansierte nye frontar og innredning i fjøset me nyttar, samt nausynt utstyr med tanke på oppstart av drift. Me ynskjer og å støype opp forbrettet på nytt då dette er av dårleg standar . Nye liggematter, bingeskillarar og fangfrontar i aliminium, samt gjerde til utebeite og silopress.*

Innredning, liggemater, gjerde, silopress og støyp er kostnadsberekna til 94 000 eks mva og dei har

kjøpt inn drektige kviger og kalvar for 118 000. I tillegg til rundballar og kraftfor.

Total kostnad for tiltaket er kr 344 500, av det er tenkt finasiert med kr 150 000 i tilskot, kr 24 000 i eige arbeid, kr 170 000 i eigne midlar.

## **Vurdering**

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 5 års periode. Denne har seinare vorte forlenga.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrkja landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til:

- Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre lønnsemd
- Nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst
- oppgradering av driftsbygningar for å tilfredstilla krav til dyrehelse, miljø og effektiv produksjon
- Stimulera unge/nye brukarar til å driva gard

Det er svært positivt for kommunen at det vert starta opp ny husdyrdrift av unge brukarar. Dei siste åra har det vore 9 aktive husdyrbrukarar i Modalen, og det er difor eit flott tilskot til landbruksmiljøet.

Dei har avtale om å leige ein driftsbygning som har stått tom ein del år, og det er bra å få nytta ledige bygningar. På sikt kan dei gjerne få mulighet til å skaffa seg eige gardsbruk. Innkjøpa dei har planlagt med innredning m.m er naudsynte for både dyrevelferd og tryggleiken til bonden.

I pkt. 6 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det: " Generasjonsskifte/oppstart av gardsdrift. Etableringstilskot på kr 150 000. Det er eit vilkår for ordninga at søker oppfyller krava som gjeld for statleg produksjonstilskot. Vert drifta lagt ned før det har gått 5 år, kan tilskotet krevjast attende, jf. pkt. 2.2.B i Retningsliner for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune.

Rådmannen meiner at søknaden oppfyller retningslinene for næringsfondet og vil rå til at næringsfondstyret løyver kr 150 000 i tilskot til oppstart av ny husdyrdrift.

## **Næringsfondsstyret - 010/2023**

### **NF - behandling:**

Samrøystes vedteke

**NF - vedtak:**

Næringsfondstyret gjer Espen Helland, med foretaket 917868689, kr 150 000 i tilskot til generasjonsskifte/oppstart gardsdrift, jf kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen. Pkt 6. Generasjonsskifte / oppstart av gardsdrift. Søkjar oppfyller krava som gjeld for å få statleg produksjonstilskot.

**Vilkår for utbetaling:**

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader og innsendt dokumentasjon på utlegg og arbeid.

Vert drifta lagt ned før det har gått 5 år, kan tilskotet krevjast attende, jf. pkt. 2.2.B i Retningsliner for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune.

**Vedlegg:**

Søknad om tilskot